

Emne nr. 7

SKAV

Høyet er i alle bygder det viktigaste fôret for buskapen. Men attåt dette har mest alle bygder andre fôrslag som dei nyttar mest årvisst, anten det er godt høyår eller kleint, men sjølvsagt vert dette hjelpefôret nytta ut mykje meire i dårlege år enn i gode, og det høyrer først og fremst vinteren til.

1. Har ein noko samnamn for dei ymse slag fôr, utanom høyet (hjelpefôr, naudfôr, raskefôr)?

2. Mykje nytta er skav,, beit og brom. Har ein noko samnamn for desse (vedfôr, markafôr, morkeråning)?

I denne emnelista vert det spurt etter SKAV som er eit av dei viktigaste fôrslaga som ein har å lita seg til attåt høyet, og som er mykje i bruk den dag i dag. Skav er borken av ymse treslag, fint skave.

3. Korleis bøyer ein gjerningsordet skava (notid skjev o.s.b., fortid skov el. skava, partisipp skave o.s.b.)?

4. Har ein nytta skav til krøterfôr i Dykkar bygd (kva namn har ein på det)?
Reknar ein det som regulært fôrslag eller berre til hjelp i vanskelege år?

5. Kva treslag nyttar ein til skav (raun, osp, lind, alm o.s.b.)?

Skjev ein alle slag lauvtre eller berre visse slag?

Skjev ein bartre (unge furutre)?

Kva treslag held ein gjævast til skav (raun, alm)?

6. Kjenner ein ordet skav (skjevla) nytta om eit sert treslag, kva tre er det (raun)?

7. Kjenner De eit rim som fortel korleis det er med godleiken åt dei ymse treslaga når dei nyttast til skav? Det er mykje vidspreidt eit rim som lyder t.d. såleis:

Almen gjøe,
raunen føe,
selja svelte,
vieren velte,
hegg set merg i legg.

Kva form finst av dette rimet?

8. Fekk heile buskapen skav (ku, saug, geit, men ikkje hest)?

Kva tid på året fekk dei skavet?

Fekk dei skavet for seg sjølv eller blanda saman med høyet eller anna fôr?

Var det noko slag skav krøtera ikkje ville eta (skav av older, or)?

9. Fekk ein meir mjølk når kyrne fekk skav?

Meiner ein at det vert skilnad på mjølka når kyrne får skav (stiv rjome, fint gult smør)?

Ville skav av visse treslag gjeva beisk smak på mjølka?

10. Dreg ein til skogs eins erend for å henta ved til skaving, eller skjev ein berre den veden ein likevel skal ha til huset?

Skjev ein hesje-veden, og nyttar ein det skavet til krøtera?

11. Kva kallar ein det at ein hentar skavved (dreg på markaskog (morkaskog), reiser etter mork eller skav, å marka o. l.)?

12. Kva kallar ein veden ein hentar (mork, skav, skavved)?

13. Kjenner De gjerningsordet marka?

Tyder det å samla mork, skavved spesielt, eller nyttar ein ordet for sanking av all slag fôr i markene som lauv, mose o. l.?

14. Kva tid på året hentar ein skav?

Reknar ein det for serleg surt og hardt arbeid å henta skavved?

Har det vore sed at karfolka skulle i skogen på fastande hjarta og henta skav langfredag ("dei skulle lida med Jesus", som dei sa)?

15. Kvar held dei seg med skavinga (ute på tunet, i eller ved vedskjulet, eller inne i stova)?

16. Kva slag reiskap nyttar dei til å skava med (skavkniv, skavljå, bandakniv, tollekniv)?

Korleis ser denne ut, og kva serskilt namn har ein på han?

Er reiskapen laga spesielt til dette arbeidet, eller er det vanleg at dei tek eit gammalt ljåsbrot og lagar til?

Er det handtak i begge ender eller berre i den eine?

Har ein då berre tulla ei tyfille kring den enden som ikkje har handtak?

Held ein dei gamle tynsleljåane for mætaste skavereiskapen?

17. Korleis går dei fram med skavinga?

Går ein fram på ulike vis når ein skjev skavved til krøtera og når ein skjev hesjeved?

Det har t. d. vore brukt at dei har eit slag treskrue på ein stolpe ved vedskjulet. Der festar dei eine enden av stokken som skal skavast, medan den andre enden kvilar på ein klufftegrein som dei set ned i jorda. Dei kan og ha ein ser krakk, liknande ein bandakrakk, eller dei nyttar sagekrakken. Gjeld desse framgangsmåtane berre for hesjeved?

Til skaving av skavved har det vore nytta ein krakk (halvsirkelforma eller vanleg firkanta skavkrakk) med ein pinn i, der det er hakk til å stydja skavljåen eller -kniven mot. Ein har òg nytta ein vanleg stovekrakk med eit hol i eine enden til å setja ein pinn nedi. Har ein noko sert namn på denne pinnen (skavhæl)?

18. Elles er det òg kjent at dei nytta ei stong som dei sette med eine enden i golvet og andre enden opp mot biten. Mot denne stonga sette dei skavljåen. Denne stonga vart kalla skavhælen. Den nytta dei helst når dei hadde mykje skaving for seg. Elles kunne dei òg berre styja skavljåen mot ovnskanten eller mot sengkanten.

Kjenner De ordet skavhæl?

Vart det nytta berre om ein spesiell innretning (korleis var denne?), eller nyttar ein det om alt ein stydjer skavljåen mot, anten det er ein pinn, eller ovnen eller noko anna?

19. Korleis sit dei når dei skjev?

Korleis held dei ljåen eller kniven?

Held dei med begge hender, eller held dei reiskapen med eine handa og skavkjeppen med den andre og dreg kjeppen fram og attende under verktøyet?

20. Kva kallar ein veden ein skjev (skav, skavved, skavkjepp, mork)?

21. Kva namn har ein på sjølve borken som ein skjev tå (skav)?

Har ein eit sert ord om dei små borkbitane (skavblokke)?

22. Skjev ein berre tunne kjeppar, eller òg ved av store tre?

Er veden som ein skjev, lenger enn vanleg brenneved?

23. Kva kallar ein kjeppane som ein har skave (skjevil, skjevle, skjøvla, skjevling, spræki, sprekje. Korleis lyder orda i fleirtal)?

Har ein ulike namn på dei etter tjukkleiken (skjevil t.d. om ein tunn kjepp, og kubb om eit vedstykke)?

24. Er det visse reglar for korleis skavet skal vera (tunt og fint, berre det aller ytste laget av borken, eller skal helst litt av sjølve vedlaget fylgja med)?

Var sume flinkare enn andre til å skava? (Det fortelst at ein kar var så god til å skava, at kyrne tok hans skav heller enn det dei andre skov).

25. Kva nyttar ein veden til som er avskaven (til bakstevet)?

26. Nyttar ein framleis skav til fôr eller kva tid slutta ein i tilfelle med det?

Vi er takksame for om De vil ta med meste mogleg av bøyningar av dei orda det er spurt om.

Spørreliste 7 Skav, tillegg

1. Eit par av medarbeidarane våre har fortalt at krøterhandlarane når dei kjøpte kyr om våren, betalte meir for ei ku som hadde fått skav om vinteren enn for ei som ikkje hadde fått. Er dette kjent frå Dykkar bygd? Kor stor kunne i tilfelle skilnaden i prisen vera, og kva var grunnen til at krøterhandlarane gjorde dette?
2. Var det vanleg tru eller røynsle i Dykkar bygd at ei ku som hadde fått mykje skav, fekk svart kjøt som var vanskeleg å selja? Var det i tilfelle alle slag skav som hadde slik verknad, eller var det berre skavet frå visse slag tre?
3. Var det likeeins vanleg tru eller røynsle at mjølk frå ei ku som hadde fått skav, var fårleg for kalvar eller smågrisar? Var det alle slag skav som hadde slik verknad, eller var det berre skavet frå visse slag tre.
4. Det er mykje om å gjera for oss å få vita kor mykje dei skov, dei som brukte skav årvisst. Difor vil vi gjerne vita om dei hadde noko mål for kor mykje dei skulle eller burde skava kvart år. Frå Vest-Agder kjenner vi t.d. ein regel som seier at ein gard som utan skav fødde 4 kyr, den skulle til vanleg greia å fø 5 kyr om ein tok skavet til help (ein mann med 4 kyr skov til den femte). Kjenner De slike reglar frå Dykkar bygd?
5. I store delar av landet har dei nytta ein skavl (skjevel, ei skjøve eller andre former) til å skava med. Den vil vi gjerne få vita noko meir om. Kor stor var vinkelen mellom skaftet og sjølve bitjarnet? (Etter dei teikningane vi har fått, kan det variera mellom om lag 60° mellom kniv og skaft og 180° mellom kniv og skaft. Var bladet rett eller var det bøygt slik at skavlen òg kunne nyttast ved ymse utholingsarbeid (skeier, auser og lignende)?
6. Fleire medarbeidarar frå det det stroket der dei nytta skavljå, har fortalt at det var vanleg å stø skavljåen mot ein staur eller stolpe som rakk frå golvet og opp under beten. Vart denne stauren nytta til noko anna òg, t.d. arbeidet med bandstakar?
7. Vi ville gjerne få vita korleis dei stelte seg, dei gardane som ikkje hadde skavskog. Er det kjent i Dykkar bygd at ein kjøpte eller leigde skavskog? Kjøpte eller leigde dei då heile skogteigar eller berre skavtrea som stod i ein viss teig eller strok? Korleis vart leiga betalt?
8. Er det kjent i Dykkar bygd at det ved delinga av sameigeskog vart teke omsyn til skavinga og korleis?
9. Kunne ein ta skav i ålmenning?
10. Hadde husmennene rett til å ta skav i skogen til husbonden sin?
11. Kjenner De ordet skavhella frå Dykkar bygd? Kva er i tilfelle ei skavhelle? Kan De seia kva slag steinslag det er i den? Kva vert (vart) den nytta til og korleis? I tilfelle den ikkje er nytta til noko serleg, er det då nokon tradisjon om kvifor den har fått namnet sitt?
12. Var det vanleg tru at gardsnissen (tuftekallen, gobonden) kunne setja skavet på skavveden att dersom ein hadde slurva med skavinga?